



01.01.2020

Kinn kyrkjelege fellesråd

Reglement

Knytt til gravferd



Desse reglementa er behandla i Partsamansett utval 23.10.2019 og vedteke av Kinn kyrkjeleg fellesnemnd 23.10. 2019, sak 88/19.

Reglementa gjeld frå 01.01.2020. Dei nye sokneråda skal bli orienterte om reglementa når dei er konstituerte.

Evaluering skal skje innan utgangen av 2023, evt før, om nokon av råda ber om det.

1 VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I KINN KOMMUNE	1
2. Definisjonar	2
3. Ferdsel på gravplassane.....	2
4. Kva gravplass høyrer ein til	2
5. Fredningstid.....	3
Kråkenes gravplass er privat og har eigne rettningsliner for fredningstid.	3
6. Feste av grav.....	3
7. Grav og gravminne.....	3
8. Plantefelt.....	4
9. Plantemateriale	4
10. Stell av grav.....	4
12. Bårerom	5
13. Næringsverksemd.....	5
14. Arbeid på gravplassane	5
15. Dispensasjon av vedtektene	5
2 REGLEMENT FOR BETALING I SAMBAND MED GRAVFERD	6
1 Fri grav	6
2 Betaling for kyrkje, organist, kyrkjetenar og prest mm	6
3 Betalingssatsar for gravferd for dei som ikkje var folkeregistrert i Kinn kommune	6
4 Festeavgift	6

1 VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I KINN KOMMUNE

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21 (1)

Vedtatt av Kinn kyrkjelege fellesnemnd 23.10.2019

Godkjent av Bjørgvin bispedømeråd (dato)

Vedteken i Kinn kommunestyre (16. mars 2020)

I kraft frå 01.01.2020.

1 Forvaltning

Gravplassane i Kinn kommune er underlagt Kinn kyrkjelege fellesråd administrasjons- og myndigheitsområde.



Dette gjeld også private Kråkenes gravplass som har egne retningslinjer. Viser til avtale vedteken i Vågsøy sokneråd 01.10.19

2. Definisjonar

Gravplassforvaltning: Kinn kyrkjeleg fellestråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Kinn kommune, jf. gravferdslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassforvaltninga har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som blir festa mot betaling av avgift.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Urnegrav: Grav til askeurne med plass til fire urner, jf. gravferdsforskrifta 14. Dette gjeld ikkje 11 Namna minnelund, kor det med urnegrav blir sikta til grav med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

3. Ferdsl på gravplassane

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravferdsforskrifta § 9 (2).

Gravplassforvaltninga kan gi løyve til å køyre ved sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

4. Kva gravplass høyrer ein til

4.1 Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast der ein ønskjer av gravplassane i kommunen.

Dei har rett til fri grav så framt grava blir tilvist.

Kråkenes gravplass er privat. Eigarane har egne retningslinjer for kven som kan gravleggast der.

4.2 Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har vore folkeregistrert i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens egne innbyggjarar, og har rett til fri grav.

4.2 Avdøde personar folkeregistrert kommunar som av andre grunnar vil bli gravlagde i Kinn kommune kan få høve til det på gravplassar der det plass. I slike tilfelle må det betalast for alle tenester, samt feste av grav frå og med året grava er stilt til disposisjon.



I tvilstilfelle har gravplassforvaltninga mynde til å ta avgjerd i slike saker.

Sjå og reglement for betaling ved gravferd pkt 1.2 og 2.1.

5. Fredningstid

Fredningstid for kistegraver er minimum 20 år.

Fredningstid for urnegraver er 20 år.

Gravplassforvaltninga kan vedta lengre fredningstid for enkelte graver.

For gravplassane i Holvik og i Tytingvåg gjeld lenger fredningstid

Gravlegging på Måløy øvre og nedre kyrkjegard kan berre skje i ei festa grav. Frå 01.01.2004 er det berre høve til ektefellegravlegging på Måløy øvre og nedre kyrkjegard.

Kråkenes gravplass er privat og har eigne rettningsliner for fredningstid.

6. Feste av grav

Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassforvaltninga; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av særskilt urnegrav kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 10 år.

Når festetida er ute, kan gravstaden bli festa for nye 20 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassforvaltninga. I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan 6 månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsregler eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av festa grav, kan gravplassforvaltninga ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

7. Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassforvaltninga sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassforvaltninga har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørgjer gravplassforvaltninga for eit merke med avdøde sitt namn på.



På gravplassane i tidlegare Vågsøy kommune skal gravminnet på nyfesta gravstad plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir ståande der for godt.

På gravplassane i tidlegare Flora Kommune skal gravminnet på nyfesta gravstad plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir sentrert på gravstaden etter neste gravlegging.

8. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet. Faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet må stå inn til gravminne på framsida og dei står på festar sitt ansvar. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Ramma må vere av same materiale som sokkel. Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk, døde materiale, pyntestein eller trerammer.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

9. Plantemateriale

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

10. Stell av grav

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassforvaltninga.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at Kinn kyrkjelege fellestråd, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.



11. Namna minnelund

Når planane for minnelund er realiserte vil følgande gjelde:

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde først på ei namneplate på felles minnesmerke.

Graver i namna minnelund kan ikkje bli festa etter at fredingstida er gått ut.

I namna minnelund kan det ikkje bli festa ei grav attmed.

Ved gravlegging i namna minnelund må det betalast for kostnader til namneplate og del av minnesmerke, tilplanting og stell. Namneplate blir hengande i fredningstida. Kan bli forlenga nye 20 år mot avgift.

Gravplassforvaltninga har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggest ned blomar og tennast gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassforvaltninga.

12. Bårerom

Kommunen har bårerom på Kulatoppen omsorgsenter sjukeheim og på Furuhaugane omsorgsenter. Det er og eit i gamle sjukehuset i Florø. Desse skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

13. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassforvaltninga. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.

14. Arbeid på gravplassane

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

15. Dispensasjon av vedtektene

Gravplassforvaltninga kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravferdslov og gjeldande forskrifter fråvike vedtektene.



2 REGLEMENT FOR BETALING I SAMBAND MED GRAVFERD

1 Fri grav

- 1.1 Avdøde personar som ved dødsfallet er folkeregistrert i kommunen har **rett til fri grav** på gravplass her. (Jf. Gravferdslova § 6)
- 1.2 Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har vore folkeregistrert i ein annan kommune mot slutten av livet, blir rekna med på same måte som kommunens egne registrerte innbyggjarar. Desse har på lik rett på fri grav .
- 1.3 Avdøde personar folkeregistrert i andre kommunar som av andre grunnar vil bli gravlagde i Kinn kommune kan få høve til det på gravplassar som har plass. Desse har ikkje rett på fri grav eller tenester.

2 Betaling for kyrkje, organist, kyrkjetenar og prest mm

- 2.1 Dersom avdøde var medlem i Den norske kyrkja og var folkeregistrert i kommunen er det fritak frå betaling i høve tenester som kyrkja yt til gravferda. Dersom avdøde person under punkt 1.2 var medlem av Den norske kyrkja skal det ikkje betalast for dei kyrkjelege tenestene ved gravferda.
- 2.2 Dersom avdøde ikkje var folkeregistrert i Kinn, jfr. 1.3, må dei som sørgjer for gravferda betale leige for kyrkje, organist, kyrkjetenar, administrasjonskostnader og gravlegging samt feste av grav frå og med året grava er stilt til disposisjon.
- 2.3 Dersom avdøde ikkje var busett i Sunnfjord eller Nordfjord prosti, har prestane høve til å krevje inn betaling for prest.
- 2.4 Dersom avdøde ikkje var medlem i Den norske kyrkja, men det er ønskje om seremoni i kyrkja, må dei som sørgjer for gravferda betale leige for kyrkje, organist og kyrkjetenar. Prestane har høve til å krevje inn betaling for prest.

3 Betalingsatsar for gravferd for dei som ikkje var folkeregistrert i Kinn kommune

3.1 Gravlegging - Kistegrav	Kr 4000,-
3.2 Gravlegging – Urnegrav og barnegraver	Kr 1500
3.3 Administrasjonskostnader	Kr 800,-
3.4 Leige av kyrkje	Kr 1500,-
3.5 Leige av kontor	Kr 600,- pr time
3.6 Leige av kyrkjetenar/reinhald	Kr 400,- pr time
3.7 I tillegg kjem festeavgift pr år frå første dag	Kr 250,-

Faktura vert sendt til den som sørgjer for gravferda. Dette vil skje i etterkant av gravferda.

4 Festeavgift

Festeavgifta i Kinn kommune er sett til kr 250,- pr år pr grav, Festeperiode ved gjenfeste er frå 1-10 år. Frigravperioden er sett til 20 år. Festeavgifta er vedteken i Kinn kommunestyre 20.04.2020 Sak 047/20

Private Kråkenes gravplass som har egne retningsliner. Viser til avtale vedteken i Vågsøy sokneråd 01.10.19